

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 20.03.2023
SAKSHANDSAMAR: Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.03.2023

STYRESAK:
021/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Oppsummering

Prosjektet går godt, framdrifta og dialogen med Veidekke er god. Veidekke arbeider mot eit mål om å ferdigstille prosjektet for overlevering 20 juni 2024. Administrerende direktør vil presisere at dette må skje gjennom dialog med Helse Førde. I dette ligg det at m.a. økonomiske og juridiske forhold knytt til ei tidlegare overlevering må vere avklart.

Helse Vest har utfordra helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Nye Førde sjukehus arbeider no etter ein reviderte plan for gjennomføring, der Svana 2 og Svana 3 blir utsett, og det blir rapportert i høve til dette reviderte omfanget. I det reduserte gjennomføringsomfanget så viser sluttprognosen for heilskapen 1,875 milliardar.

Kommentarar

Prosjektet går godt, framdrift er framfor opphavleg plan og dialogen med Veidekke er god. Veidekke arbeider målretta mot overlevering 20 juni 2024 og dette vil i så fall vere ca. 2 månadar før kontraktsfesta dato. Administrerende direktør er opptatt at dette må skje gjennom dialog med Helse Førde. I dette ligg det at m.a. økonomiske og juridiske forhold knytt til ei tidlegare overlevering må vere avklart.

Aktiviteten på Livabygget er stor og dagleg er det kring 120 personar på eller innom byggeplassen. Arbeidet med samankopling av det nye og det gamle bygget har starta; og det er funne gode løysingar for gjennomføring saman med sjukehusdrifta.

Styrevedtaket i Helse Vest i samband med økonomisk langtidsplan utfordra helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Det er no laga reviderte planar for gjennomføring med redusert omfang, og det blir rapportert i høve til dette omfanget. Den store risikoen i Nye Førde sjukehus var knytt på differanse mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator. Denne er no talfesta og teken inn i den økonomiske rapporteringa, delvis som ein kalkulert verdi, og delvis som ein kostnadsrisiko i sluttprognosen. Endringane i prosjektet medfører endring i rapporteringa frå nye Førde sjukehus som no har no eit styringsmål for prosjektet på 1,875 milliardar i 2023-kroner.

Endring i rapportering (oppstilling frå månadsrapport november 2022)

Vedtekne ramme i 2023-kroner	1975
Utsetting av Svana 2 og 3 justert for deflator på 3,8 prosent (286-17)*1,038)	-279
Differanse mellom kostnadsindeks og deflator (Liva og Svana 1)	90
Endring og meirforbruk jf. statusrapport sept. 2022	40
Innreiing av dei to siste operasjonsstovene	20
Svana mini	32
Diverse postar	-3
<hr/> Justert ramme Nye Førde sjukehus / sluttprognose utan Svana 2 og 3	<hr/> 1875

Krigen i Ukraina og produksjonskapasitet i Asia er definert som den største risikoen i prosjektet, og vil kunne råke både kostnad og framdrift. Denne risikoen vedkjem både hovudkontrakt og utstysleveransar.

Vedlegg

Månadsrapport for februar (*ettersendt*)